



Info om føring av fråvær i grunnskulen.

Vi gjer merksam på at føresette kan søkje om å få slette inntil 10 dagar fråvære pr. skuleår.

Frå og med 8. årstrinn skuleåret 2009/2010, skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. *Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.*

Eleven eller føresette kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skuledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:

a) dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar

b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast.

Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

Dersom de ynskjer at noko av fråværet skal slettast, må de nytte søknadsskjema på neste side der de viser til dato og årsak til fråværet. Legg ved meldingsbok eller legeerklæring som dokumentasjon. Søknadsfrist: 30. mai.

Nordfjordeid, 01. februar 2024

Eid ungdomsskule

Peder Felde
Rektor



Eid ungdomsskule
Skulevegen 75
6770 NORDFJORDEID

Søknad om sletting av fråvær i grunnskulen.

Eleven sitt namn: _____

Klasse: _____

Skuleår: _____

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar
- b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast.

Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

Søker om å få sletta følgjande dagar:

Dersom eleven har meir fråvær som ikkje vert sletta kan føresette be om at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. (Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.)

Dato/år:

Underskrift foreldre/føresette

Søknaden vert innvilga / ikkje innvilga.

Eid ungdomsskule, den _____
